

# Breimsbygda skisenter

## PIONÉRANLEGGET FOR ALPINT I FYLKET

KVEN SOM FØRST TENKTE tanken om skitrekk og idrettssenter på Utvikfjellet, skal vere usagt. Men Alv Reme frå Innvik var den første som la slike tankar fram for offentlege organ, då han i 1962 kontakta leiarane i dei kommunale idrettsnemndene i Innvik og i Breim, Jon Reme og Rasmus Flølo. Idéen vart godt motteken. Alv Reme la så dei første planane om eit idrettssenter på Utvikfjellet fram for idrettstinget i Sogndal hausten 1962. Planen vart godt motteken også her. Dermed kalla anleggsutvalet i idrettskrinsen inn til samrådsmøte på Karistova 7. februar 1963. Karistova hadde nyleg brunne ned, så møtet vart avvikla i annekset. Leiaren i utvalet, Ragnar Ødven frå Sandane, og fylkesidrettskonsulent Grunde Selås møtte her representantar frå dei kommunale idrettsnemndene i Breim og Innvik, samt folk frå idrettslaga Indre Breim, Breim, STIL, Utvik og Styrk. Til saman var 15 personar til stades.

Utbygging var også aktualisert på grunn av brannen på Karistova. Etter kontakt med hotelleigar Kari Hegrenes vart partane einige om å utforme underetasjen på nybygget med tanke på idrettsaktivitet. Der ville såleis bli både garderober, dusj, badstove, skirom og opphaldsrom.

Grunde Selås orienterte om anlegga. Han meinte det burde byggjast både slålåm- og hoppbakkar etter moderne prinsipp for å få eit fullverdig skianlegg. Han peika særleg på trongen for hoppbakkar med lysanlegg og skiheis i slalåmbakken. Det siste ville vere avgjerande for alpinporten.

Alle dei frammøtte var oppglødde for tanken om eit idrettssenter, og det vart sett ned ei arbeidsnemnd som skulle føre arbeidet vidare. Med i nemnda vart Alv Reme, Styrk idrettslag, formann, Ola Valaker, Utvik ungdoms- og idrettslag, Brynjulf Skinlo, Breim idrettslag, Reidar Felde, Indre Breim idrettslag og Sverre Løken, STIL. Grunde Selås og Rolv Tvinnereim var med som konsultative medlemmer.

Det var tydeleg driv i arbeidet no, for berre ei veke seinare vart det avvikla nytt møte i nemnda. Då hadde grunneigarane gjeve stikkingsløyve. Kommunane Innvik, Stryn, Breim og Gloppen hadde gjeve positiv tilbakemelding på søknad om tilskot. Treningsbane like aust for Karistova vart vurdert. Denne var meint skulle brukast som skeisebane om vinteren.

På neste møte i nemnda, 4. mai 1963, vart det lagt fram ambisiøse planar:

- Skitrekk på toppen av Utvikfjellet
- Slalåmbakke i tilknytning til skitrekket
- Hoppbakke 60 meter
- Treningsbane ved Karistova
- Symjeanlegg knytt til Karistova
- Treningshoppbakke
- Demme opp fiskevatn vest for Brekka - om grunneigarane tillet det

Hoppbakken fekk førsteprioritet, deretter slalåmbakken og på tredje plass fiskevatnet. Skitrekket





gjekk utanom prioriteringane, då det skulle fremjast gjennom eit eige aksjeselskap.

Dagane 26. og 27. mai var det møte med grunneigarane i Breim og Utvik. Dei ville gje løyve til utbygging av idrettssenteret, men under føresetnad av at dei fekk ei kontraktfesta årleg leige. Heilt knirkefritt gjekk det likevel ikkje å få alle med. På breimssida låg dei aktuelle områda i sameige. Her gjaldt det ikkje berre beiterettar, men òg myrar der dei frå gammalt av hadde teke torv. Eit møte i Breidarheim med grunneigarane slutta seg likevel samrøystes til utbygginga.

Reidar Felde fekk oppdraget med å få underskriftene til alle. Sameiga bestod av grunneigarar frå Torheim til Hunskår, alle måtte oppsøkjast. «Det var ein omstendeleg prosess, og to nekta å skrive under,» fortel Reidar. Arbeidet vart likevel sett i gang. Det kom aldri nokon protest frå grunneigarhald.

Den 1. september 1963 møtte utsendingar frå STUI medlemmer i arbeidsnemnda på Karistova. Her vart både finansiering og trongen for anlegg drøfta. Det vart klart at det ikkje kunne gjevast STUI-midlar til skitrekk, berre til bakkar og løyper. Ingeniør Øivind Granli frå STUI meinte trongen for anlegg måtte nøye vurderast. Det vart vist til idrettsplassar både på Byrkjelo og Reed. Ragnar Ødven frå idrettskrinsen slo fast at arbeidet måtte halde fram, slik at planane kunne leggjast fram på idrettstinget til hausten.

Både Grunde Selås og Sverre Løken omtalar Alf Reme som den drivande krafta for anlegget og Utvikfjellet.

Mot slutten av 1964 kunne Alv Reme oppsummere:

- Det er bygt ei 1100 m lang lysløype like vest for Karistova. Dette var den første lysløypa fylket.
- Det var, i samarbeid med vegsjefen, utarbeidd framlegg til parkeringsplassar på Utvikfjellet.
- Det er gjort vedtak om leige av eit mindre skitrekk for éin sesong.
- Det er gjort vedtak om skiping av eit aksjeselskap som skal byggje og drive skitrekket.
- Det er sett i gang eit lotteri – «Utvikfjellet Idrettssenter sitt utbyggingslotteri 1964».
- Det er søkt om kommunale tilskot. Resultat hittil 12.000 kroner.

Medan arbeidsnemnda er i sin mest hektiske periode, avsluttar Schei-komitéen sitt arbeid med kommunestrukturen i Norge. Dette medfører at Innvik og Breim, med verknad frå 1. januar 1964, ikkje lenger er eigne kommunar. Nemnda får no storkommunane Stryn og Gloppen å forhalde seg til.

Ein søknad om tilskot til A/S Utvikfjellet Idrettssenter kom opp i Gloppen kommunestyre i 1964. Til då hadde Stryn gjeve 9.000 kroner og Gloppen 3.000 kroner i tilskot. Etter framlegg frå ordførar Johnny Bakke vart det samrøystes vedteke å løyve 7.000 kroner. Og som ordføraren sa: «Vi skal gje dei i takksemd for at ungdomen er opptekne med det som godt er.»

(A/S Utvikfjellet Idrettssenter vart aldri offentleg registrert som selskap.)

**Den 7. september 1964** vart det sendt ut innbyding til teikning av aksjar i A/S Utvikfjellet Skitrekk. Aksjekapitalen vart sett til minst 40.000 kroner, høgst 80.000 kroner, kvar aksje på 100 kroner. Aksjeteikninga gjekk ikkje heilt som venta. Selskapet vart ved skipinga registrert med ein aksjekapital på 36.200 kroner, fordelt på 108 aksjonærar. Årsmøtet i IBIL 30.12.1964 vedtok å kjøpe aksjar for 600 kroner. Saka utløyste eit livleg ordskifte. Det vart åtvarena mot å engasjere seg for sterkt økonomisk i skitrekket, då ein hadde andre store anleggsoppgåver.

Den 9. september 1965 vart det halde konstituerande generalforsamling. Det første styret var: Alv Reme, leiar, Ragnar Ødven frå Sandane, nestleiar, Eivind Skjerven frå Stryn, sekretær, Ola Valaker frå Utvik og David Hjelle frå Breim.

«Skihesten» vart sett i drift ein av dei første dagane i april 1965. Trekket var 250 meter langt, og hadde ein kapasitet på 250 personar i timen. Dette var ei mellombels løysing for éin sesong til eit permanent trekk var på plass.

Den 27. september 1965 godtok styret eit tilbod frå A/S Anleggstransport på eit trekk av typen Poma. Dette ville få ei lengde på 550 meter og ein høgdeskilnad på om lag 150 meter. Kapasiteten skulle vere 450 personar i timen. Tilbodet var på 123.000 kroner. Medrekna fundamentering, hus for drivstasjonen, registrering, transport og framføring av elektrisk kraft var kostnadsoverlaget på 165.200 kroner.

Utbyggina vart finansiert med aksjekapitalen på 36.200 kroner, Breim Kraftlag sin del i kraftlinja på 10.000 kroner og tilskot frå idrettssenteret på 4.000 kroner. Resten, 115.000 kroner, skulle lånefinansierast.

Fundamenteringsarbeidet tok til 20. oktober 1965. Ein grov ut mastepunkta for heile traséen og forskala desse. I tillegg rakk ein å støype fundamenta for drivstasjonen, men så sette vinteren ein stoppar for det vidare arbeidet til det lei fram på våren.

Planen var å få det nye trekket ferdig hausten 1966. Skitrekket vart overlevert den 10. november, men kom ikkje i drift før i februar 1967, då fleire formelle ting ikkje var i orden.

**Året 1968 vart det første** heile driftsåret for A/S Utvikfjellet Skitrekk. Trass svært ulagleg vêr vart det eit lite overskot etter at førre års underskot var gjort opp.

Lamper og stolpar skaffa Einar Henden frå Gloppen E-verk. Det vart utført mykje dugnad frå bygdene rundt Utvikfjellet under oppbygginga, og spesielt frå breimningane, kan Sverre Løken fortelje.

#### **Ansaret for drifta**

Einar Sårheim frå Breim, Lars Reme frå Innvik og Oddmund Hole frå Indre Breim hadde ansvaret for drifta dei første åra. Sverre Løken hugsar godt at Oddmund Hole passa nøye på at alle som var med å trakke bakken, fekk dei tre første turane i trekket gratis. Ein hadde enno ikkje trakkemaskin. Alle var ivrige på å få bakken klar.

Etter at trekket kom i drift, vart det snart stor interesse for slalåm. Det var ikkje mange som gjekk på ski utover fjellet på den tid. Men i slalåmbakken var det eit yrande liv. Idrettslaga hadde faste treningskveldar. Det var stort å få skitrekk på Utvikfjellet så tidleg. Ingen andre her i fylket var komne så langt på anleggssida i alpint.

«**Skiidrettssenteret på Utvikfjellet**, som er det første i sitt slag i Sogn og Fjordane, vert utan tvil eit av dei finaste i landet. Eg har sjeldan sett eit fjellområde som eignar seg betre til eit slikt føremål, og eg gler meg til det vidare arbeidet med dette prosjektet,» sa reguleringsarkitekt Nic. Stabell til Firda Tidend i 1967.

#### **Kapell på Utvikfjellet**

Det hadde i mange år vore framme tankar om eit kapell på Utvikfjellet. Desse dukka opp att i eit intervju som Firda Tidend hadde med prost Bakke i 1969. Han kunne fortelje at biskopen hadde vore på synfaring, og funne plassen mellom statuen av Gabriel Reed og skihytta svært høveleg.

Bispedømmerådet uttalte at det burde haldast gudsteneste der kvar helgedag med skiutfart og kveldsandakter ein kveld i veka. Arbeidet med finansiering var òg i gang, m.a. med kollekt på Utvikfjellet på store utfartsdagar i påska.

Interessa for utbygginga aukar, og planane får etter kvart store dimensjonar. Dette var konklusjonen i Firda Tidend etter at Nic. Stabell i 1970 la denne fram på eit møte på Karistova. Planen omfatta fleire hytteområde, nye trekk innover mot Skavegga og breen, med slalåm- og utforløyper. Kafeteria og herberge var tenkt plassert ved Gabriel Reed-støtta. Eivind Grov ved Hotel Aleksandra i Loen meinte det burde setjast av tomt til hotell. Det vart òg nemnt bobsleighsbane.

I 1970 kom så konsulent Odd J. Ingebretsen frå STUI på synfaring. Han helte kaldt vatn på planane, med kritiske merknader til begge dei to planlagde hoppbakkane, som dermed fall ut av planane på Utvikfjellet. Heller ikkje idrettsplassen ved Karistova fekk støtte.

Etter at skitrekket kom i drift, vart arbeidet konsentrert om dette. På 1970-talet skjedde det såleis lite med dei resterande planane. Men mot slutten av 1978 vart det lagt fram planar for eit skianlegg ved Storesvingen nedanfor Karistova. Her var det planlagt skitrekk opp til Haningehovden med to trekkstasjonar, éin trasé for storslalåm på 1300 meter, éin for slalåm på 900 meter og éin familie- og turtrasé med utgangspunkt ved Karistova. Planane var utarbeidde av Stryn kommune. I Gloppen var det ikkje interesse for eit nytt trekk i konkurranse med Utvikfjellet Skitrekk, og dermed fekk ikkje dei nye planane tilslutning.

**I 1976 hadde skitrekket vore i drift i 10 år.** Av årsmeldinga går det fram at det er køyrt 38.000 personturar med ei inntekt på 59.000 kroner, ein auke på 16 % frå året før. Lønnskostnaden var 19.000 kroner. Prisane har vore uendra sidan oppstarten: 1 krone for born og 3 for vaksne for enkelturar. Styret meiner det er på tide å auke desse.

«Når denne årsmeldinga blir lagt fram, har skitrekket vore i drift i 10 år. Når vi ser tilbake, kan vi med rette seie at det var ei fornuftig investering. Det hadde vore ynskjeleg med ny utbygging, men det må visast forsiktighet.»

Første trakkemaskina kom på plass i denne perioden. I 1972 gjorde styret vedtak om å få inn ei maskin på prøve. Påska 1973 vart det køyrt 20.000 personturar. I. påskedag stod 1300-1400 bilar parkerte på Utvikfjellet, frå Karistova til langt ned på breimssida. Slike dagar var det ikkje uvanleg at trafikken korka seg i fleire timar.

**I 1986 hadde trekket vore i drift i 20 år.** For første gong var tal personturar over 200.000. Inntektene var 441.136 kroner, heile 115.000 kroner meir enn året før. Eit motorhavari på trakkemaskina gjorde at overskotet vart på beskjedne 75 kroner. Dette året vart det òg kjøpt inn komplett skiutstyr til utleige.

Den første 20-årsperioden var ikkje nokon økonomisk suksess. I starten balanserte drifta nokolunde, men så kom nokre år med underskot.

I 1991 var eigenkapitalen tapt, oppsamla underskot var 900.000 kroner, og lånegjelda var 1,1 mill. kroner. Årsaka til denne negative utviklinga var mange korte driftssesongar, høg lånegjeld og etter kvart ein økonomi som gav lite handlingsrom. Konkurransen frå andre skitrekk merkast òg.

Året 1991 var det dårlegaste i selskapet si historie. Sesongen varde frå 19. februar til 10. mars, 19 driftsdagar, dei fleste med dårleg vær. Denne sesongen sette spikaren i kista for A/S Utvikfjellet Skitrekk. Trekket vart drifta også i 1992, men så tok Sparebanken Sogn og Fjordane som største

kreditor over. Skitrekket vart utlyst for sal i januar 1993, mens banken dreiv det fram til 1. mars.

Breimsbygda idrettslag kasta seg inn i kampen om skitrekket og fekk tilslaget på 600.000 kroner. Idrettslaget hadde stor støtte for kjøpet både frå lokalt og kommunalt hald. Finansieringa kunne blitt den store bøygen, men med positiv medverknad frå fleire hald ordna dette seg. Det avgjerande var at fylkeskulturutvalet løyvde 200.000 kroner til kjøpet.

Den 15. mars 1993 vart det halde stiftingsmøte med påfølgjande konstituerande generalforsamling for Breimsbygda skisenter AS. Stiftarar var Breimsbygda idrettslag med 55 aksjar, Gloppen kommune 25 og Stryn kommune 25. Asbjørn Paulen, BBIL, vart vald som styreleiar. Dei andre i styret var Per Nerhus og Olav S. Egge, begge frå BBIL, Arnt Bø, Stryn kommune, og Jon Gimmedstad, Gloppen kommune.

For å styrke økonomien, vart det lagt ut B-aksjar for teikning i mai same året. Målet var å få inn 100.000 kroner. Resultatet vart 70.000 kroner, og som ved aksjeteikninga i 1964, vart ikkje målet nådd denne gongen heller. Kanskje vårsola gav folk anna å tenkje på enn snø- og skiaktivitetar.

Med stort pågangsmot starta det nye selskapet drifta, og det vart på nytt utført mykje dugnad. I 1994, det første heile driftsåret til Breimsbygda skisenter, vart det sett opp eit barneskitrekk og kjøpt ny snøscooter. Men dette vart økonomisk eit katastrofeår.

Med snøfattige vintrar og eit nytt katastrofeår i 1998 var ein ny konkurs ikkje langt unna. Redninga vart eit banklån på 355.000 kroner, med garantiar frå kommunane Gloppen og Stryn. I 1999 vart dette gjort om til eit rentefritt lån. Seinare vart Gloppen kommune sin del ettergjeven, det same vart eit lån frå idrettslaget. Så kom det endeleg nokre gode år for skitrekket med overskot i fire år på rad med 2005 som toppåret med eit overskot på 760.000 kroner.

Eit lynnedslag sommaren 2002 gjorde at driftsstasjonen brann ned, og ein god del utstyr og arkivet til A/S Utvikfjellet Skitrekk gjekk tapt. Ny og større driftsstasjon stod ferdig same året. Breimsbygda idrettslag investerte i eit tautrekk tilpassa funksjonshemma, og det vart laga ski-leikområde og bygt grillhytte.

I 2005 vart det bygt eit nytt trekk med ei lengde på 900 meter, 300 meter lengre enn det gamle. Dette var ei investering på 8 millionar kroner. Aksjekapitalen vart då utvida med 1.045.000 kroner. Idrettslaget gjekk inn med 250.000 kroner, og i 2007 med ytterlegare 40.000 kroner. Etter dette har Breimsbygda idrettslag ein eigardel på 36,9 % og Gloppen kommune 13,37 %.

**Den siste store utbygginga** var eit nytt og lengre barneskitrekk til om lag 3 millionar kroner som vart teke i bruk vinteren 2009-10. Etter denne utbygginga er det fire operative skitrekk på toppen av Utvikfjellet. Hausten 2010 vart det planert to hoppbakkar, ein fem- og ein timetersbakke, og det skal etter kvart kome ein på 20 meter. Dermed er draumen om hoppbakkar også i ferd med å bli røyndom, om enn ikkje i den storleik som var planlagt på 1960-talet.

#### **Driftsleiarar:**

Oddmund Hole, Einar Sårheim, Lars Hilde, Bård Mardal, Erling Geitrheim, Knut Even Hole, Olav Magne Støyva, Gudmund Egge, Roar Verlo og Kåre Solheim





# Fjellstova på Utvikfjellet

## DRAUMEN OM RESTAURANT PÅ SVØDA

I PÅSKA 1958 hadde IBIL utsal av brus, appelsinar og varme pølser på Utvikfjellet. Dette gjekk så bra at laget bestemte seg for å byggje ein kiosk som skulle stå ferdig til året etter. Dette var starten på idrettslaget sitt kiosksal på Utvikfjellet i helgar og påskedagar i mange år framover. Salet vart organisert på dugnad, og gav idrettslaget kjærkomne inntekter. Både skitrekket og andre aktørar prøvde etter kvart å få del i kiosksalet, men idrettslaget fekk ha hand om dette i over 40 år.

Det gode kiosksalet dei to første åra hadde sin verknad. I årsmeldinga for 1959 skriv leiaren i idrettslaget, David Hjelle, at det er bruk for restaurant på Svøda. Idrettslaget hadde fått utarbeidd teikningar, og leiaren vona på støtte, slik at ein kunne starte bygginga i 1960. Det skulle gå mange somrar og vintrar før draumen gjekk i oppfylling. Men tanken om eit bygg var levande, og saka kom opp til handsaming på årsmøta i mange år. I 1975 vart den første byggenemnda vald. Det vart òg inngått avtale med Breimsfjellsameiga sone 1 om leige av tomt.

I 1979 vart det invitert til dugnad for å byggje veg fram til hyttetomta. I det høvet skriv leiaren i laget, Rasmus Raad, eit innlegg i Firda Tidend. Der går det fram at planane for ei permanent hytte no er klare, og at hytta vart på 80 km<sup>2</sup>, betydeleg større enn først tenkt. Ho skal innehalde kjøkken, kiosk, eit soverom, to toalett og ei stor varmestove. Monrad Fonn hadde teikna hytta.

I 1985 valde styret i idrettslaget ei nemnd til å arbeide vidare med planane. Leiar i nemnda var Kåre Løtuft. Det vart utarbeidd fleire alternative planløyser. Eit møte i plannemnda i mai 1986, der fylkesidrettskonsulent Grunde Selås, rådmann Martin Lyngstad i Gloppen og leiar i IBIL Olav S. Egge var med, rådde til å vrake tidlegare planar og å engasjere arkitekt.

I august 1986 hadde arkitekt Rune Norvik frå Sandane teikningane klare. Utforminga var annleis og bygget større enn tidlegare, samtidig som arbeidstittelen var endra frå hytte til servicebygg. Arealet i sokkeletasjen var på 183 km<sup>2</sup>, hovudetasjen på 162 km<sup>2</sup> og ein hems på 30 km<sup>2</sup>. STUI gav teknisk godkjenning i februar 1987. Kostnadsoverslaget var på 1,4 mill. kr, oppjustert til 3 mill. i 1991. Finansieringa var med midlar frå STUI og kommunen, eigenkapital og dugnad frå idrettslaget.





STUI-midlane let vente på seg, men i 1990 løyvde fylkeskulturutvalet eit forskot på 400.000 kroner. Dette, saman med lovnad om utbetaling av kommunale midlar, gjorde at arbeidet kom i gang. Etter anbodsrunde vart det inngått kontrakt med entreprenør Ragnar Fure.

Arbeidet tok til i september 1990. I påska året etter kunne kafeteriaen takast i bruk. Dugnadsarbeidet mot ferdigstilling gjekk fram til årsskiftet 1992/93. Då var både hus og uteanlegg ferdig. Samla kostnad vart 2,6 mill. kroner, her medrekna utført dugnadsarbeid for godt over 340.000. Takka vere den gode dugnadsinnsatsen, vart dei kontante utlegga til idrettslaget berre 150.000 kroner.

I byggeperioden kom det opp spørsmål om servicebygget også kunne brukast til kyrkjelege føremål som gudstenester og konfirmantførebuing, og såleis erstatte det lenge omtalte kapellet på Svøda. Dette vart drøfta på eit møte mellom kapellnemnda og arbeidsutvalet i BBIL. Nemnda som var samansett av Alv Reme, Sverre Løken, Oddmund Hole, Ola Valaker og Brynjulf Skinlo, var positive. Dei ville kontakte lokale prestar for å drøfte eit muleg samarbeid, for dermed å kunne føre over frå kapellkontoen til idrettslaget dei 17.000 kronene som var tiltenkte aktivitet på Utvikfjellet.

Idrettslaget hørde ikkje meir om dette, og gjorde heller ikkje meir med saka.

Om det ikkje vart noko samarbeid med kyrkja, var det likevel biskopen i Bjørgvin, Per Lønning, som var den første som dusja i det nye garderobeanlegget i Breimsbygda fjellstove. Det skjedde etter at biskopen, i høve opninga av Breimsbygda skisenter i mars 1993, testa ut skiløypa mot Varden.

Men idrettslaget fekk ei anna innsamla pengegåve som i mange år hadde stått på konto. Då andre byggjestege på Byrkjelo skule var under planlegging midt på 1970-talet, lovde bygdefolket å gje 100.000 kroner til skulen dersom det vart bygt symjehall innan ein viss tidsfrist. Symjehallen kom, men datoen vart ikkje halden. Dei innsamla pengane vart ståande på konto til dei, etter samtykkje frå gjevarane, gjekk inn i nybygget på Utvikfjellet. Med renter vart det 19.000 kroner.

Byggjenemnda i anleggstida var Arne A. Støyva, Roald Veien, Hans Myklebust, Lars Bergheim, Aake Bakka og Olav S. Egge. Arne A. Støyva, som var leiar i nemnda, la ned eit svært samvitsfullt og godt arbeid. Etter at nybygget var ferdig, vart det lyst ut namnekonkurranse. Anne Bjørg Gloppholm sitt framlegg, «Breimsbygda fjellstove», gjekk av med sigeren.

Frå David Hjelle sin draum om restaurant på Svøda til Breimsbygda fjellstove stod ferdig, skulle det gå om lag ein mannsalder. Men så har ein fått eit framtidsretta og tenleg bygg for mange år framover, ei nødvendig brikke i det samla tilbodet til brukarane av skianlegget og turområdet på Utvikfjellet.

# Lysløyipa

## DET GODE ALTERNATIVET I MØRKE VINTERKVELDAR

Det hadde i mange år vore eit stort ønske frå langrennsmiljøet i IBIL å få bygt ei lysløype på Svøda. I 1983 kom arbeidet i gang i regi av skigruppa med sterke pådrivarar som Rasmus Kleppe, Reidar Felde og Aksel Njøsen. Allereie i 1984 var løypa ferdig utbygt, med god hjelp både frå Gloppen E-verk, Firdakraft og Sogn og Fjordane Kraftsamband som stilte med stolpar, armatur og dugnad. Med STUI-midlar, kommunalt tilskot og ikkje minst stor dugnadsinnsats kom laget godt frå denne oppgåva. Lysløyipa er ei rundløype på 3,4 km med 43 lyspunkt. Traséen er for ein stor del den gamle postvegen frå Svøda til Brekka. Det trengst difor ikkje meir enn 10-15 cm snø før det kan køyrast opp spor. Lysløyipa vart utvida i 2004-2005.

Etter at A/S Breimsbygda Skisenter vart skipa, har dette selskapet stått for drifta både av fjellstova, lysløypa og oppkøyring av løyper. Samarbeidet mellom skitrekking og idrettslaga har fungert godt. Mange personar har gjort, og gjer, eit godt arbeid med å halde tilbodet både til aktive og turfolk på eit høgt nivå. Løypenettet er viktig for å halde på profilen som eit familieanlegg. I mange år var Rasmus Kleppe ansvarleg for oppkøyring av løypenettet på Utvikfjellet, og må krediterast for det gode renomméet løypene fekk.



